



Protokoll styremøte

på Halne, 11.juli 2017 kl 13:00

Desse møtte: Styreleiar Arne Presthus, Nestleiar Kjetil Larsgard, Svein Hjelmeland, Reidar Stenberg, Marit Hesvik, Ivar Bjørkedokken og Tore Gunnar Hjortland.

Frå administrasjon: Dagleg leiar Sølvi Gundersen og Britt Karen Alfarnes
Hilde Marie Ro hadde meldt avbud til styremøtet.

Sak 25/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: innkalling og saksliste vart godkjend.

Sak 26/17 Godkjenning av referat frå styremøte 11.mai 2017

Vedtak: referatet vart godkjend og signert.

Sak 27/17 Sak om at Landbrukstjenester Buskerud oppretter avdelingskontor på Gol frå måndag 03.juli 2017

Arne Presthus orienterte om at han som styreleiar og dagleg leiar Sølvi Gundersen hadde eit uformellt møte med styreleiar Karl Ivar Blyberg og dagleg leiar Kari Bøhn frå Landbrukstjenester Buskerud på vårsamlinga til NLT 23.mai 2017. Det var Landbrukstjenester Buskerud som tok initiativ til dette møtet.

Her blei det diskutert overgang til Landbrukstjenester Buskerud frå Landbrukstenester Folgefonna på enkelte medlemmer, og korleis lagene skulle forholde seg til dette. Det var aldri snakk om opprettelse av kontor på Gol i denne sammenhengen, og lagene var einige om å fortsette drifta av laga som før.

I ettertid mottok Landbrukstenester Folgefonna mail frå Kari Bøhn, der de opplyste om at det på styremøtet i Landbrukstjenester Buskerud hadde blitt vedtatt å jobbe for å opprette eit avdelingskontor i Øvre Buskerud.

Dette for at bønder som leverer timelister til dei skulle få same arbeidsgiveravgift som de får hos Landbrukstenester Folgefonna. (10,6% istadenfor 14,1% som er arbeidsgiveravgifta i Landbrukstjenester Buskerud)

Vedtak:

Punkt 1: Styret har tatt til etterretning at Landbrukstjenester Buskerud har oppretta kontor på Gol frå 3.juli 2017.

Dette inneber konkurranse for oss, som gjer at vi må bestreba oss til å yta betre tjenester til våre medlemmer i vårt område.

Punkt 2: Styret arbeider for å få på plass eit kontaktpunkt i Øvre Buskerud, firma/person innleigd på timebasis som kan vere behjelpelig med eventuelle spørsmål som medlemmene våre måtte ha, eller oppgåver som dei treng hjelp med.

Sak 28/17 Ymse

Ingen andre saker var meldt inn til styret.
Møtet slutt ca 16:30

Ref Britt Karen Alfarnes

[Skriv inn tekst]